

[SPORT](#) [FOTBALL](#) [LIKESTILLING](#) [SOWNDAL](#) [BRASIL](#)

# Vil gjera jenter sterkare gjennom å spela fotball: - Dei blir betre for kvar dag som går



Isabelle Stival, Kaja Rekkedal og Karin Wunderlich Casemiro studerer idrett i Brasil og Sogndal. Foto: Ronja Årskaug Vallestad

Av [Ronja Årskaug Vallestad](#)

Publisert:  
08.03.24 13:12

Del

Dei har som mål å få eit meir likestilt samfunn gjennom å spela fotball. Slik har prosjektet gått så langt.

For abonnentar



Neste kamp på Direktesport:  
**Sogndal - Brann**

⌚ 25. mars 16:00

- Det fungerer verkeleg!

Karin Wunderlich Casemiro (28) er éi av dei som er med på prosjektet «Empowering girls through football».

Prosjektet er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Federal University of Paraná i Brasil. Studentar frå Sogndal reiser på utveksling i Brasil, medan brasilianske studentar kjem til Sogndal.

Det starta offisielt sommaren 2021, men på grunn av pandemien vart det ikkje sett skikkeleg i gong før sommaren i fjor.

Målet for prosjektet har vore å finna ut korleis ein kan hjelpe kvinner i Brasil til eit betre liv gjennom fotball. Brasil er eit mannsdominert samfunn, og i ei årrekke var det forbode for kvinner å spela fotball. No er det lov, men det finst få moglegheiter for kvinner til å involvera seg i organisert fotball.

No har det gått over eit halvt år sidan prosjektet sette skikkeleg i gong, og dei som er med på prosjektet merkar allereie store endringar på deltakarane.

### **- Innser korleis det er her heime**

Kaja Rekkedal (22) spelar i 2. divisjon på Sogndal FK sitt kvinnelag. Det gjer ho attmed bacheloren ho tek i idrett. I haust reiste ho på utveksling til Brasil for å jobba med prosjektet, som einaste kvinne av fem bachelorstudentar.



Utvekslingstudentane frå både Brasil og Noreg. Foto: Privat

- Det var enkelt for meg å bestemma meg for å vera med. Eg ville sjå kulturen og læra meir. I Noreg trur me at me er flinke på likestilling innan fotballen. Eg trur at om me reiser ut og ser korleis det er ein annan plass, at me innser

korleis det er her heime også.

Rekkedal håpar prosjektet kan vera med å opne Sogndal sine øye på at kvinnefotballen bør vera like viktig som den for menn, her også.

## Utveksling av kunnskap

- I starten så spurde eg ei av jentene kven som var deira kvinnelege favorittspelar. Då fekk eg som svar at dei ikkje visste om nokon kvinnelege fotballspelarar.

Isabelle Stival (18) er opphavleg frå Brasil. Ho kom til Noreg for å vera med på workshoppen som blir arrangert på HVL i desse dagar. Ho går første året på universitetet, og er med på utvekslingsprosjektet, slik som Rekkedal og Casemiro.

- Eg spurde det same spørsmålet om att førre veke, og då kunne same jenta trekkja fram gode kvinnelege spelarar som ho hadde sett, seier Stival.



Fotballspeling i Brasil. Foto: Privat

Studentane er einige om at jentene som er med på prosjektet har hatt stor framgang.

- I starten var det mange som ikkje turte å ta ordet, dei heldt seg i bakgrunnen og tok ofte forsvarsrolla. No merkar me at dei pratar meir, lærer meir og spelar meir i angrep. Dei har fått ein ny sjølvstilling, seier Karin Wunderlich Casemiro, og legg til:

**- Me ser at dei blir betre for kvar dag som går.**

Casemiro trekkjer også fram korleis Brasil og Noreg kan læra av kvarandre.

- Me kan koma til Noreg og læra om struktur og korleis ein kan leggja opp gode treningar. Brasil er veldig gode på sjølve spelinga, noko Noreg kan læra av.

### **- Ein trygg plass**

For Isabelle Stival er prosjektet ekstra personleg.

- Då eg var yngre ynskja eg meg alltid ein plass der eg kunne vera med berre jentene. Me har aldri hatt den plassen skikkeleg før. No når eg får vera med i prosjektet og gje jentene ein slik trygg plass, så gir det meg den beste kjensla. Å jobbe med noko eg verkeleg likar og hjelpe desse jentene er noko av det beste, seier ho.



Nokre av deltakarane i prosjektet. Foto: Privat

Rekkedal samanliknar fotballen i Brasil og Noreg:

- Her heime får jenter spela frå veldig tidleg alder. Om jenter i Brasil vil spela, må dei enten spela saman med gutane, elles vert dei ikkje inkludert i barnefotballen. I Noreg får ein tidleg kunnskap og tilbod, medan i Brasil får ein som jente ikkje prøvd seg før i 12-års alderen, og nokre vert tatt ut vidare gjennom ein slags camp. Tilbodet er absolutt ikkje det same for begge landa.

### **- Eit paradoks**

Trass i at prosjektet handlar om å fremja kvinner, er det ei mannsdominert prosjektgruppe, og Casemiro, Rekkedal og Stival er blant mindretalet.

Christian Frøyd er førsteamanuensis ved Institutt for idrett, kosthald og naturfag på høgskulen, og leiar av prosjektet.



### Christian Frøyd

Førsteamanuensis ved Institutt for idrett, kosthald og naturfag på HVL, og prosjektleiar.



- Det er eit slags paradoks. Det er fleire menn enn kvinner som er med i prosjektstyret, både frå Brasil og Noreg. Og av utvekslingsstudentane er det fleire menn som deltek.

Han er ikkje sikker på kva grunnen til det mannlege fleirtalet kan vera, men trekkjer fram at det generelt er fleire menn enn kvinner som er involvert i idrett, og spesielt innan fotballen.

***Les meir om prosjektet her:***



#### LES OGSA

**Fotballprosjekt mellom HVL, Sogndal Fotball og Brasil: - Me ønskjer å gje jentene eit betre liv**

Les meir om: [Sport](#) [Fotball](#) [Likestilling](#) [Sogndal](#) [Brasil](#) [Sogndal Fotball](#)



Sjå kommentarar

---

Fleire saker

---

## Maria samla 150 dyrkefrelste: – Blei sivilingeniør for å redda verda